Firda Tidend

Julegåvetips!
Brusletto knivar
Kun fredag og laurdag ÷20%
coop byggmix
Byrkjelo - tlf. 57 86 88 90

Sandane | FREDAG 18. NOVEMBER 2005 | Nr. 135 • 82. årgang • Laussal kr 10,-

# - Har fått livet tilbake



*- Denne jula vert den første på tre år eg ikkje er sengeliggande, seier Marianne Sunde. Både ho, Rune Hogsnes bak t.v., Odd S. Sponse og dei andre nakkeskadepasientane lovprisar den hjelpa dei får på Sandane.*

- Behandlinga hos Bertil Rune Kaale og Firda Fysikalsk Medisinsk Senter på Sandane har gjeve meg livet tilbake, seier Odd S. Spone. Han var flygar i 30 år, men vart sett på bakken etter ein nakkeskade i ei trafikkulukke. Etter fleire år med smertehelvete og inga hjelp, kom han til Kaale på Sandane. – Det var framgang alt etter første behandling. No greier eg stadig meir av kvardagen.

Historia er slett ikkje einestående. Kvar veke kjem det folk frå heile landet til Sandane for å få hjelp for svært alvorlege nakkeskader med store smerter. Hjelp dei ikkje har fått andre stader. Dei som er her til behandling denne veka, tretten personar, tok sjølve initiativ til å kome saman for å fortelje kor takksame dei er, og kor viktig det arbeidet Kaale gjer er. Det vart sterke historier, men endeleg ser dei lysning.

Side 6 og 7